

To døgn før det avgjerande slaget om skulestrukturen i Kvinnherad, har Senterpartiet sendt epost til alle gruppeleiarane i kommunestyret og lansert eit alternativt forslag til innstillinga frå fleirtalet i formannskapet.

– Det er ikkje eit utsetjingsforslag, forklarar Hans Inge Myrvold overfor HusnesNett, men derimot eit forsøk på å løysa den politiske floken utan alt for store negative konsekvensar for skulane. Forslaget inneber at det ikkje skal gjerast endringar i haust.



Hans Inge Myrvold legg fram eit alternativ på vegne av Sp

– Senterpartiet ønskjer òg å vera med å forma framtida for skulen i Kvinnherad og leggja føringar for korleis det skal vera, seier Hans Inge Myrvold i Senterpartiet til HusnesNett. Han meiner det er mange som tenkjer likt med Sp i denne saka.

Skulesaka er tvillaust den viktigaste prøvesteinen for kommunestyret i denne valperioden. Fleirtalet vil ha endringar allereie frå skulestart til hausten, medan andre vil bruka meir tid og ha nye utgreiingar. Og så nær som alle innser etter kvart at det er nødvendig å gjera noko også innan skulen – for å spare pengar. Det som skiljer, er i hovudsak tempoet detskal skje i, og kor store endringar som må til.

– Senterpartiet ser òg at det er nødvendig å ta nokre grep i høve til framtidig skulestruktur, men vi vil ikkje gå så fort fram som fleirtalet vil, seier Hans Inge Myrvold i tilknytning til forslaget.

Etter som skulesaka mest sannsynleg er den viktigaste i denne valperioden håpar Myrvold å få fleirtal for forslaget sitt i kommunestyret på torsdag. Skjer det, blir det ingen endringar ved nokon skular i haust.

– Fleirtalet sitt forslag er for korttenkt, påpeikar Myrvold.

Forslaget frå Senterpartiet:

1. Gjeldande KVU frå rådmannen, blir ein del i oppbygginga av nyrevidert 'Skulebruksplan' for Kvinnherad kommune.
2. Utarbeidd 'Skulebruksplan' frå 2009 blir del av oppbygging for revidert innhald.
3. Kvinnherad kommune skal gjera langsiktige og gode vedtak forein tenleg og god skulestruktur i kommunen. Dette får ein gjennom kvalitetssikring av punkt 1 og 2.
4. Det skal sjåast på å gjera dei naudsynte endringar, som er i tråd med investeringar, som sikrar alle elevar i Kvinnherad-skulen den beste opplæringa, trivsel, identitet og meistring. Dette får ein med å sjå punkt 1 og 2 i samanheng.
5. Naudsynte strukturendringar skal presenterast, vurderast og tilretteleggjast for alle involverte høyringsinstansar, med rom for den påverknad som er i tråd med dette vedtak og retningslinjer.

6. Vedtaket skal gje naudsynte driftsinnsparingar, i tråd med prioriteringar for den kommunale utviklinga.

7. Ny plan skal vera ferdig utgreia innan hausten 2013.

Av Kristian Hus
HusnesNett